# Tamaras mareritt og draum



Anne Elisebeth Skogen fortel om Tamara sin flukt frå Sarajevo til Sand i Ryfylke.

**Det var vår, og sommarferien ved Adriaterhavet nærma seg for Tamara og klassekameratane hennar. Då braut krigen ut!**

Fredag får du høyre Anne Elisebeth Skogen i ei forteljarframsyning som handlar om den 14 år gamle jenta Tamara, som brått måtte forlate heimbyen sin, Sarajevo, i 1992. – Historia grip folk i alle aldrar, og kanskje særleg dei unge, sidan dette handlar om ein tenåring. Tamara viser ansikt på vegne av andre flyktningar ved å dele historia si på denne måten, seier Skogen.

Framsyninga er laga i nært samarbeid med Tamara Roganovic Larsen, som i dag bur på Sand i Ryfylke med mann og barn.

Fredag 29. juni, 13.00 – 13.45
Salen, Ivar Aasen-tunet
**Tamaras mareritt og draum**
Kr 100